

Tore Storm Jortveit  
Restaureringhandverkar  
Svalbard Bygg AS  
Tlf: +47 481 41 121  
Epost: [tore@svalbardbygg.no](mailto:tore@svalbardbygg.no)

# Sjukestoga i Hiorthamna

## Sluttrapport



# Innleiing

Denne sluttrapporten tar for seg dei tiltaka som er utført på Sjukestoga i Hiorthamn. Rapporten er eit supplement til tilstandsrapporten som låg til grunn for søknad om tiltaksdispensasjon hjå Sysselmannen og Riksantikvar, og blir sendt med sluttrapporten som vedlegg.

Arbeidet blei utsett grunna vanskeleg adkomst til hytta, då frakt var avhengig av skutertransport. Endeleg arbeid blei utført 2. - 3. februar 2015. Tilsatsvindauga var bestilt på mål frå Solfjelds Møbelfabrikk AS, Tvedestrand.

Tiltak på bygg og rapport er utført av Tore Storm Jortveit, restaureringhandverkar ved Svalbard Bygg AS.

Svalbard Bygg AS  
v/ Trond Håvelsrud  
Tlf: +47 906 10 199  
Epost: [trond@svalbardbygg.no](mailto:trond@svalbardbygg.no)  
Postboks 638  
9171 Longyearbyen



## Samandrag

For å auke isoleringsevna samt hindre kondensproblemer i vest- og sørvendte vindauger i stogedelen av Sjukestoga, har det indre glaset i vindauga blitt fjerna, og tilsatsvindauger satt inn.

Det vestvendte vindaugget er gjort mogleg å opne, så ein får sirkulasjon inn mot tilsatsvindaugget, samt at ein då har høve til å opne vindaugget og luftte.

Det gjenstår malarbeid inne, samt montering av stengemekanisme for det vestvendte vindaugget, men dette må gjerast når det blir plussgrader.





## Tiltak

Det ettermonterte glaset, som har vore grunnen til at det har oppstått kondens i vindauga blei fjerna så skånsomt som mogleg.

Som ein kan sjå på biletet til høgre, var glasa sett inn med klemlister i foringa, og tettningslist mot vindaugget. Dette skapte eit alt for tett klima mellom vindaugsglaset og det påmontera glaset, som skapte kondens og soppdanning.



Det einaste glaset som ikkje var satt til med klemlist var det eine sørvendte vindaugget som kunne opnast, der glaset hadde blitt fuga fast i det originale vindaugget med silikonmasse. Biletet til høgre viser arbeidet med fjerne silikonen så grundig som mogleg.



Måten glasa var satt inn på er nøysamd gjort, noko som gjev inntrykk av at dette var eit tiltak som ein meinte ville fungere bra og ikkje var ein mellombels løysing.

Biletet på venstre side viser nedste venstre hjørne i det vestvendte vindauget, der klemlisten har blitt fjerna. Her har det vore brukt silikon for å tette noko som liknar eit skruehøl i vindaugsramma. Her har det truleg vore så tett at kondens har blitt liggjande, og danna grunnlag for råtesopp. Ved å fjene lista og silikonen vil området truleg tørke opp, og vidare skade vere hindra.



Det blei tatt stikkprøver på vindauga, og det var ingen råteskade å finne, til tross for teikn på vedvarande fukt og soppvekst. Vindauga er med andre ord i god stand.



I arbeidet med å gjere det morgle å opne vindauga i det vestvendte vindauget, blei det av avdekt malinglag som viser at ramma har hatt ein lyseblå farge, som sett ved knivspissen i biletet til høgre. Deretter har vindauga blitt mala med ein eggkvit maling, og seinast ein kvit maling.





Dei som har stengt vindauga har gjort seg flid med å fuge inn heile vindaugget med akrylmasse, så det ikkje skulle sleppe luft gjennom.

Vinduaga blei opna så skånsamt som mogleg. Dei originale vridarane manglar desverre, men det vil truleg vere mogleg å skaffe vridarar som passar inn i dei eksisterande spora i midtposten.

For å halde vindauga mellombels lukka, blei det sett i spiker på utsida av vindauga, der det frå før har stått skruer.





Tilsatsvindauga er rammer med vindauga som kan opnast. Poenget er at desse skal sørge for det lufttette sjiktet, og at dei gamle vindauga skaper ei luftflomme på utsida av tilsatsvindauga. Denne luftlomma gjev ly for tilsatsvindauga, samstundes med at lufta sakte blir skifta ut for fjerne kondens gjennom dei utette originalvindauga.



Tilsatsvindauga blei kilt fast med trekiler, og festa med stift. Deretter blei det lagt akrylmasse rund ramma mot dei gamle foringane. Det er ei løysing som gjer minimalt inngrep i det eksisterande vindaugget. Samstundes sørger akrylen for vindtetting.



Det gjenstår noko arbeid med å male vindauga innvendig. Men dette må utsetjast til det blir varmegrader ute, og materialet i vindauga får turke opp, kan bli pussa og vaska, og til slutt malast. Dette meiner eg er normalt vedlikehald, og bør kunne utførast av eigaren sjølv.



## Oppsummering

Eg tykkjer løysinga med montering av tilsatsvindauge for å auke isolasjonsevna på eldre vindauge er ein enkel og truleg velfungerande løysing. Det gjenstår å få tilbakemelding på oppleving av isoleingsevne og forebygging av kondens på innsida av vindaugget.

Ei anna positiv faktor frå min faglege ståplass, er kor lite inngrep monteringa av tilsatsvindauge krev. Dessutan er det minimalt med restavfall og enkel transport. Noko som er lett samanliknbart med til dømes å setje inn nye vindauge, som ville skap mykje meir arbeid, avfall og transportkostnadar. Eg trur også ein løysing som dette er økonomisk gunstig for kunde samanlikna med å montere nytt vindauge.

For å unngå å stjele utsyn i vindaug, ken det vere ei god løysing å sette tilsatsvindaugget mot foringa i staden for innsida. Dette vil sjølvsagt kreve meir arbeid med tillaging av nye foringar, og med dette større inngrep i det eksisterande vindaugget.